

Kvinnherad idrettsråd

Referat frå styremøte torsdag 15. januar 2015 kl. 18 – 19 på Gry Helges

Møtt: Tor Harald, Gunnar, Anna, Anbjørn

Forfall: Ingvar, Dagfinn, Per, Arne

1. Årsmøte 2015

Årsmøtet vert tysdag 3. mars kl. 19.00 – 21.00 på rådhuset. Tor Harald tingar lokalet og ordnar med annonse og presseomtale. Krinsen vert beden om å delta med eit førebudd innlegg om eit aktuelt tema.

Per må laga rekneskap innan 15. februar. Tor Harald lagar årsmelding.

2. Heimesider for KIR

Saka utsett til Dagfinn kan møta.

3. Logo

Tor Harald har ein dialog med krinsen. Dei lagar no ein logo til oss og den er ferdig om kort tid.

4. Kurs

Idrettsrådet freistar å få til eit kurs for idrettslaga om tippemiddelsøknader i vinter. Tor Harald har kontakt med kommunen og fylkeskommunen og drøfter opplegg med dei. Kurset vert ein vekedagskveld, men datoen er ikkje klar førebels. I tillegg til spelemidlar vert det truleg ein bolk om andre søknadsordningar også. Det vert jobba vidare med dette.

5. Antidoping

Tor Harald freistar å få til eit samarbeid med KVV om eit føredrag for ungdom på vidaregåande skule.

3. Idrettskonsulent

Det er positiv stemning for ein ny eidrettskonsulentstilling mellom mange av politikarane i kommunen, men det er ikkje sett av pengar til dette i 2015. KIR jobbar vidare med dette.

6. Anna

Anbjørn orienterte om eit initiativ for å skaffa eit verktøy for mobilisering, kommunikasjon og organisering av frivillige vha. av internett og sms. Verktøyet vil verta felles for arrangørar i Kvinnherad. KIR er positivt interesserte og vil trur at eit slikt verktøy kan vere nyttig ved større arrangement. Meir informasjon på www.mobilise.no. Verktøyet er kalla Mobilise Hub. Om det vert aktuelt med ei slik løysing i Kvinnherad vert idrettslaga kontakta med ytterlegare informasjon.

Neste møte vert kalla inn før årsmøtet om det er trong for det.

Ref. Anbjørn